

– For eit par år sidan var eg på eit møte i Senioruniversitetet i Fusa der *Sigbjørn Grønås* snakka om korleis mennesket si framferd har påverka klimaet på jorda. Då gjekk det verkeleg opp for meg at noko alvorleg er i ferd med å skje, og at me lyt prøva å snu utviklinga, seier *Bjørghild des Bouvrie*.

Wenche M. Eriksen
wenche.eriksen@osogfusa.no

Bjørghild vart klimafrelst, og bestemte seg der og då for å vera med i “Besteforeldrenes klimaaksjon”. Ho ville gjera sitt til at framtidige generasjonar også skal få oppleva rein natur og eit klima i balanse.

Både ho og mannen *André Johannes Cornax* er opptekne av klimaendringane og energibruken i verda. Sjølv nyttar dei seg av jordvarme som energikjelde i huset.

– Me hadde midlar til å investera i eit slikt system, og valde det av omsyn til miljøet, seier Bjørghild des Bouvrie.

Ho fortel at varmen frå fjellet held rundt 7 varmegrader, og at den går gjennom ein kompressor som fungerer som eit omvendt kjøleskap. – Det er lagt røyr i golvet i heile huset, og me får både varmt hus og varmt vatn frå anlegget. Dette er kortreist varme, og straumutgiftene vert minimale, seier ho.

– Er det minussider med eit slikt system?

– Ja, det einaste er at det tek litt tid å få huset oppvarma om du har vore borte nokre dagar. Men me har installert ein vedovn i stova, slik at me kan få opp temperaturen i huset ganske raskt.

Frå Haag til Kletten

Bjørghild og André flytta frå Haag i Nederland til Strandvik i Fusa for fem år sidan. På Kletten har pensjonistparet bygd draumehuset sitt med panoramautsyn over fjord og fjell.

– Hadde det vore klarvør ville du ha skimta Folgefonna i den retninga der. Og der, litt lenger mot sør ligg Ulvanosa og Englefjell i Kvinnherad, seier Bjørghild og peikar inn i eit grått, tett skydekkje.

– Naturen her er rett og slett heilt praktfull, seier ho.

Stova er romsleg, lys og luftig. Store vindaugsflater frå golv til tak og utsyn i tre retningar gjev oss ei kjensle av å sitja midt ute i skogen. Furutre, brake og lyngveks heilt inn til stoveglaset, og det skiftande vestlandsvêret sørger for å visa fram stadig nye variantar av den mektige vestlandsnaturen.

Bjørghild snakkar seg varm om den vakre Strandvik-bygda og naturen dei har rundt seg. – Når eg står på Kvålshaugen og ser ned mot Strandvik som ligg omkransa av fjell, åsar, vakkert kulturlandskap, med naustrekkje og sjø, vert eg heilt fjetra. Eg trur ikkje me kunne funne ein vakrere stad å bu enn dette, smiler ho.

– Kvifor valde de å flytta frå Haag til Strandvik?

– Først og fremst fordi dottera

vår, *Kari Else*, bur i nærleiken. Ho flytta til Noreg alt som 17-åring for å studera. Ho fann seg ein mann frå Fana og har slått seg til der. I fjor vart me også besteforeldre til vesle Liv, og det er viktig for oss å kunna ha dei i nærleiken, smiler den stolte bestemora.

– Har det vore vanskeleg å koma i kontakt med fusingane?

– Nei, eg tykkjer me er blitt tekne veldig godt imot her. Eg tenkte kanskje folk ville vera litt skeptiske til slike framande fuglar, men me har aldri merka noko til det.

– Det må ha vore litt av ein overgang å flytta frå huset de budde i like utanfor storbyen Haag?

– Ja, der hadde me ei stor bustadblokk like tett innpå oss som den furua du ser utanfor glaset, seier Bjørghild og peikar.

Engasjert debattant

Bjørghild dreiar samtalen inn på yndlingstemaet sitt igjen: klima.

– I vår heldt me ei klimavandring gjennom Bergen sentrum. Mellom 150 og 200 personar møtte opp, og det vekte ganske stor oppsikt, seier ho.

På ein av plakata dei bar under klimavandringa stod det: *Statoil ut av oljesanden!*

– Er dette temaet noko de er spesielt opptekne av?

– Ja, dette er ei viktig sak, og me har sett oss godt inn i problematikken. Eg er svært glad for at mange av kyrkjeleiarane har støtta oss i den saka, som til dømes biskop *Erling Pettersen* i Stavanger.

For dei som les lokalavisa og/eller Bergens Tidende vil namnet til Bjørghild des Bouvrie rett som det er dukka opp under eit lesarinnlegg som handlar om miljø- og klimatruslar.

I mai månad hadde ho til dømes eit innlegg i BT med tittelen “Jesus ville ha grøsset”, der ho nettopp tek for seg utvinninga av oljesand i Canada. Dette var eit svar på eit innlegg frå olje- og energiminister *Ola Borten Moe* i Stavanger Aftenblad 16. mai.

– At olje- og energiministeren refsar kyrkja for å blanda seg inn i politiske spørsmål er heilt bak mål. I artikkelen sin skreiv han blant anna at “børs og katedral” ikkje bør blandast saman. Etter mitt syn handlar dette meir om moral – som jo er kyrkja sitt domene – enn om vanleg politikk, seier den engasjerte dama.

Uavhengig gruppe

For halvtanna år sidan bestemte dei lokale eldsjelene seg for å starta ei eiga gruppe av “Besteforeldrenes klimaaksjon” i Hordaland. Forutan Bjørghild er *Sigbjørn Grønås* og *Gunnar Kvåle* sentrale aktørar i dette arbeidet.

– I byrjinga var me tilknytt “Framtiden i våre hender”, men i sommar bestemte me oss for at det kunne vera ein fordel å vera uavhengige, fortel Bjørghild. I dag har ho jobben som organisasjonssekretær for “Besteforeldrenes klimaaksjon” for heile landet.

Det er ingen tvil om at Bjørghild des Bouvrie brenn for å redde miljøet og klimaet på jorda. Sjølv om ho er både lågmælt og mild når ho snakkar, merkar me



Bjørghild des Bouvrie har naturen tett innpå seg i huset ho og mannen har bygd på Kletten i Strandvik.

Klimafrelst

intensiteten og gløden i engasjementet hennar. Bodskapen hennar når fram utan store faktorer og høgt volum.

– Ingen leiartype

Bjørghild vart med i styret i Senioruniversitetet i Fusa i 2010, og då tok ho også over vervet som styreleiar etter *Astrid Heidal*.

– Bjørghild er ein kjemperessurs for Fusa-samfunnet. Ho er vakent, engasjert og interessert i mange forskjellige ting – og ho er veldig systematisk når ho jobbar med noko. Det er ingenting som går på ein slump her, seier *Astrid Heidal* om den nye styreleiaren.

– Eg må få leggja til at det er eit eventyr å gå på tur med Bjørghild. Ho er som ein entusiastisk og undrande unge, og ho får

med seg detaljar som me andre ikkje ser, legg *Astrid* til. Dei to kjenner kvarandre godt frå mange felles turar, arrangert av Frivilligsentralen i Fusa.

– Eg tar gjerne på meg slike organisatoriske oppgåver, seier Bjørghild. Og i dette tilfellet fekk *Astrid* bruka meir av tida og ressursane sine på andre ting, som til dømes arbeidet med Bruktbuo.

– Å administrera og sjå til at ting blir gjort går veldig greitt, men eg er absolutt ingen leiartype. Eg vil seia at eg er leiartype i min eigen natur, utdjuvar Bjørghild.

Norske og nederlandske røter

Kvar sommar frå Bjørghild var fire år gamal, reiste familien hennar frå Neder-

land til sommarhuset dei hadde i Fana. Huset hadde mor hennar arva etter tanta si, bilethoggaren *Ambrosia Tønnesen*.

André og Bjørghild har halde i hevd tradisjonen med å feriera i sommarhuset i Fana heilt frå dottera var lita. – Eg har så å seia vore i Fana kvar einaste sommar gjennom heile livet mitt, seier ho. Slik sett har ho også etablert solide røter i landet lenge før ho og mannen gjorde strandvikingar av seg.

At tvillingsøstera *Synnøve* gifta seg med ein nordmann og busette seg i Tromsø, har også vore med på å knyta fleire band til dei norske røtene ho har på morssida.

Mor til Bjørghild, *Randi Moldenhauer*, var frå Bergen. Etter sterk påverknad og oppmoding frå tanta si,



ndvik. Herfrå har dei vidt utsyn over fjord og fjell i fleire retningar.

t bestemor

Ambrosia Tønnesen, byrja ho å studera målarkunst i Oslo, og fortsatte deretter studiet i København og Paris.

Far hennar *Cornelis Marinus des Bouvrie* (f. 1892) kom frå Amsterdam, og foreldra møttest i Oslo i 1927 gjennom ein felles kjening, målaren *Xan Krohn*. Han var ein ven av far og ein slektning av mor. Krohn var elev av den kjende målaren *Christian Krohg*, og endra førenamnet sitt frå Christian til Xan for ikkje å bli forveksla med han.

– Far budde og jobba mange år på Sumatra (Indonesia), som var ein del av det nederlandske koloniriket heilt frå 1600-talet og fram til 1948. Her var han inspektør for to firma som dreiv med gummiplanta-sjar. Kvart sjuande år kun-

ne han ta seg ferie, og i 1920 reiste han til Honolulu, der han møtte Xan Krohn for første gong. Dei vart vener for resten av livet. Først sju år seinare møttest dei att i Oslo, og far vart då presentert for “ein interessant slektning” av Xan, nemleg mor mi, fortel Bjørghild.

Tøff start på livet

Bjørghild og tvillingsøstera Synnøve vart fødd i nærleiken av Amsterdam i november 1944 – midt under den store hungersvinteren i Nederland. Ho er ei av sju søsken.

– Som straff for ein sabotasje mot tyskarane i ein av dei vestlege provinsane i landet – det som eigentleg heiter Holland – tok tyskarane maten frå folk. Som om ikkje dette var nok, låg hovudkvarteret til tyskar-

ane like i nærleiken av huset vårt. Då dei allierte bomba hovudkvarteret blei rutene i huset vårt sprengt ut. Men dei tyske offiserane hadde klart å røma før bombinga byrja.

– *Korleis klarte familien å koma gjennom den tøffe vinteren?*

– Eg er blitt fortalt at folk åt potetskrell, blomelaukar og det dei kom over. Men mange døydde av svolt i løpet av denne harde og kalde vinteren. Mor vart liggjande på sjukehuset med oss i fleire månader. Ho var veldig sjuk og heldt på å døy, fortel Bjørghild.

– Far var motstandsmann, og han tok store sjansar når han sykla austover i landet for å prøva å byta bort noko av mor sitt arvesølv mot korn og andre matvarer. Nokre bønder ville ikkje ha sølvet, medan



Å administrera og sjå til at ting blir gjort går veldig greitt, men er absolutt ingen leiartype, seier Bjørghild.

andre tok imot. Sjølv om familien min var velstående, mangla dei både lys, varme, mat og vatn. Me fekk utdelt ei skrøpelig suppe frå eit kollektivkjøken, men det er eit under at me overlevde.

– Sjølv om eg ikkje kan hugsa noko av dette, vert eg likevel opprørt når eg fortel historia. Eg har ei sterk kjensle av å vita kva krig kan vera, seier ho og rettar blikket ut mot fjorden.

Skydekke har letta litt. Ein flik av blå himmel vert synleg like over huset, og sola sender lysstråler på skrå inn gjennom dei store vindauga. Glimt av sølvgrå fjord og fjellformasjonar gjer at me blir sitjande tause ei stund.

Mangla naturleg autoritet

Bjørghild er utdanna klassisk filolog, men har jobba i mange år som byråkrat i Likestillingsdepartementet i Haag.

– Det er utruleg å tenkja på i dag, men då eg gjekk i 6. klasse på gymnaset stod gresk og latin for rundt halvparten av dei 32 skuletimane me hadde i veka. I filologstudiet dukka me langt ned i oldtida, og eg likte veldig godt romersk og gresk litteratur, filosofi og arkeologi. Som hovudfag valde eg gresk litteratur, fortel ho.

– *Har du sjølv undervist i desse faga?*

– Ja, eg var lærar på eit gymnas i fire år, men eg måtte diverre slutta. Eg var rett og slett ikkje flink nok til å halda styr på ungdommane. Eg mangla den naturlege autoriteten som ein lærar bør ha. Det var litt synd, for eg likte meg elles veldig godt i lærarjobben.

Likestillingssinke

Bjørghild des Bouvrie fann seg snart til rette som byråkrat, først eit par år i ein kommune, og deretter (frå 1978) i Likestillingsdepartementet.

– På 1970-talet var nederlandske kvinner blant dei minst selselsette i heile Europa. Det var svært uvanleg at ei kvinne skulle arbeida etter at ho gifta seg. Nederland var på mange måtar ei sinke når det gjeld likestillingsarbeidet.

– *Korleis har det seg?*

– Ei av årsakene er truleg Nederland si stilling som rik handels- og kolonimakt, noko

som førte til at konene ikkje trong å jobba. Ei anna viktig årsak var kyrkja sin sterke motstand mot at mødrer skulle arbeida. Før krigen sende Paven ut eit brev om at det var kriminelt når gifte kvinner tok seg løna arbeid. Seinare kom også ein minister frå eit katolsk folkeparti med eit framlegg om å forby mødrer å arbeida for løn, fortel Bjørghild.

– Regjeringa var faktisk innstilt på å følgja forslaget, men då reagerte kvinnebevegelsen med fleire store demonstrasjonar, og det måtte skrinleggjast, legg ho til.

Likevel vart det vedteke ei lov om at kvinner som jobba i det offentlege måtte slutta når dei gifta seg. Det førte mellom anna til at Bjørghild mista den beste læraren ho hadde i folkeskulen då ho gifta seg.

– Det var mange av venene våre som reagerte då tvillingsøster mi fekk seg jobb ved universitetet i Tromsø, og heldt fram i arbeidet medan ho hadde små born. I Noreg var det endå til ein prest som rådde ho til å søkja på stillinga. På likestillingsområdet har Nederland vore kjempekonserverative i høve til Noreg, slår ho fast.

– Men dette har heldigvis endra seg. Etter påverknad frå FN's Kvinneår i 1975, EU og den nederlandske kvinnerørsla vart det etter kvart fart på likestillingsarbeidet, legg ho til.

Med pennen som våpen

Om Bjørghild des Bouvrie ikkje er nokon leiarfigur i eigne augo, har ho i alle høve ordet i si makt – både i skrift og tale. Og pennen hennar har alt vist seg å vera eit nyttig og skarpt våpen.

Me kan avslutta med nokre setningar henta frå eit innlegg ho hadde i BT 28. september, under tittelen: Tenk nytt, tenk klima!

“Verden har forandret seg siden begynnelsen av oljealderen i Norge. En ubehagelig sannhet har kommet på bordet. Produktene som har brakt slik eventyrlig velferd over landet, viser seg å være svært farlige. Uhemmet bruk av fossilt brennstoff kommer til å ødelegge jordens klima. Og dermed fremtiden for våre barnebarn og deres etterkommere. Det visste vi ikke ved starten av oljealderen, men det vet vi nå.”